



Nærøyfjorden verdsarvpark




Foto: Trond Taugbøl©Riksantikvaren



Sinjarheim

Foto: Terje Forseth©Fortidsminneforeningen



UNESCO hesja

Foto: Ivar-Bjarne Underdal

Bakgrunn

Vestlandsk fjordlandskap - Geirangerfjorden og Nærøyfjorden med omgjevnader - vart skriven inn på World Heritage List under UNESCO sitt 29. verdsarvkomité-møte i Durban, Sør-Afrika den 14.07.2005. Det er dei framifrå vakre fjordlandskapene som har ført til at Noreg har fått sitt første naturarvområde på denne prestisjefylte lista. Fjordane har vore viktige for framveksten av det moderne reiselivet i Noreg, og fjordlandskapet er framleis heilt sentralt i marknadsføringa av landet som reisemål.

Nærøyfjordområdet har status som nasjonalt verdefullt kulturlandskap. Kulturspora vi finn i landskapet er eit resultat av busetting, slått, beitedyr og stølsdrift gjennom generasjonar. Vi finn heilskaplege bygningsmiljø, levande tradisjonar og tradisjonelt handverk som er verdiar knytt til landbruk, ferdsel, turisme, matkultur, folketru og historie.

I kjerneområdet for prosjektet ligg den mest brukte fjordcruisestrekninga i Noreg, Flåm – Gudvangen. Her går også ei av dei mest populære rundreisene i landet, ”Norway in a Nutshell” som omfattar Bergensbana, Flåmsbana, Aurlandsfjorden, Nærøyfjorden og Stalheimskleivane.

Prosjektet

Prosjektet Nærøyfjorden Verdsarvpark er inspirert av dei franske regionale naturparkane. Ein skal hauste erfaringar for å kunne utvikle ein modell for norske regionalparkar, tilpassa norske lover og reglar, kommunestruktur og verkemidlar. Avtala om verdsarvområdet som regionalpark skal forankrast i dei ulike forvaltingsnivåa, mellom anna gjennom ein parkavtale. Parkavtalen vil vera samansett av ein plandel forankra i offentleg planverk og av partnarskapsavtaler med alt frå offentleg forvaltning til organisasjonar, verksemdar og einskildpersonar.

Gjennom Nærøyfjorden Verdsarvpark tek lokalsamfunnet tak i utfordringane og mogelegheitene i verdsarvstatusen. Verdsarvparken er eit resultat av mangeårige utviklingsprosessar med utgangspunkt i verksemdar, entreprenørar og forvaltning, og tek mål av seg til å bli eit fyrtårn for utvikling med *verdsarv som verdiplattform*. Nærøyfjorden Verdsarvpark inkluderer heile Aurland kommune og dei delar av Lærdal, Vik og Voss kommunar som er del av og naturleg soknar til verdsarvområdet. Eit sentralt fokus for satsinga i verdiskapingsprosjektet er å få god kommunikasjon mellom folk på staden og turistane. Verdsarvparken har ambisjon om å utvikle opplevingar (som næring) som er eigna til å styrke lokalsamfunna og natur- og kulturverdiane i området. Fram til i dag har ein lukkast i å utvikla eit tradisjonelt reiselivsprodukt som gir transporttenester og visuell oppleving for mange menneske. Prosjektet prøver å legge ein ny dimensjon til dette produktet i tråd med prinsippa for geoturisme. Pilotprosjektet tek vidare sikte på å finne ut korleis betre kommunikasjon mellom innbyggjarane og turistane kan gje økonomisk, sosial og kulturell meirverdi for alle partar.

Døme på viktige samarbeidspartar er Aurland natur- og kulturarv BA som har utført eit pionerarbeid med å mobilisere til entreprenørskap og framvekst av eit mangfald når det gjeld lokal mat og opplevingsprodukt. Andre samarbeidspartar er destinasjonsselskapa i området, offentleg forvalting og engasjerte innbyggjarar. Verdsarvparken ser det som ei viktig oppgåve å utvikle møteplassar og nettverk mellom alle aktørane i området.

Innafor prosjektområdet finn vi gravhaugar og andre enkeltstående kulturminne som er knytt til stølsdrift, villreinjakt og driftehandel, og ikkje minst eit kulturlandskap som vitnar om bruk i generasjonar. Tiltaka omfattar alt frå restaurering og skjøtsel av hus, anlegg og landskap, til formidling av kunnskap og utvikling av kommersielle produkt og aktivitetar. Prosjektet vil medverke til at offentlege tilskot til skjøtsel og vedlikehald blir nytta effektivt. Døme på aktuelle tiltak er dugnadsarbeid slik ein har fått til i Aurlandsdalen med restaurering av bygningar, kulturmiljø og kulturlandskap.

Kontakt:

Postadresse:

Nærøysfjorden Verdsarvpark, Fjordsenteret, Postboks 27, 5741 Aurland

Prosjektleiar:

Ivar-Bjarne Underdal, tlf 415 30 744 ivar@gardsost.no

Prosjektsekretariat:

Aurland Naturverkstad BA ved Trude Knutzen, tlf 576 33 629

trude@aurland-naturverkstad.no



Foto: Trond Taughøl©Riksantikvaren